



TYSNES KOMMUNE

ORIENTERING OM SKULEHELSETENESTA

Av og til går ein og kjenner på noko og/eller ikkje kjenner seg vel. Andre gonger er det konkrete plager ein er usikker på om ein bør gjera noko med. I slike høve kan elevane/føresette ta kontakt og rådføra seg med skulehelsetenesta.

- Helsesøster, Snefrid Trondsen, tlf : 53437087 eller 41561740.
- Helsesøster, Aslaug Singelstad tlf.: 53437086 eller 41561740.
- Psykisk helsearbeider for barn og unge: May Siren B. Holme tlf: 53437094 eller 99352307
- Helsesøster-kontor på **Tysnes skule**, tlf: 90896263. Bemanna månd. 11:05-13:50, torsd. 08:05-13:050 og annakvar onsd. 09:00-12:00 (når 5.-7.kl. elevar er på skulen).
- **Uggdal skule**: 1dag kvar mnd etter avtale 09:00-12:00
- **Onarheim skule**: 1 måndag kvar mnd etter avtale 09:00-12:00



ORIENTERING TIL ELEVAR, FØRESETTE OG LÆRAR OM SKULEHELSETENESTA I TYSNES KOMMUNE.

Skulehelsetenesta er ei lovfesta teneste som er forankra i "Lov om helsetjenesten i kommunene", § 1-3, samt Forskrift om kommunens helsefremmede og forebyggende arbeid i helsestasjons-og skulehelsetjenesten, av 3.april 2003.

Forskrifta om helsestenesta i skulen seier i § 2:

"Skulehelsetenesta skal arbeide for å fremja elevane si totale helse, og førebyggja sjukdom, skade eller lyte. Skulehelsetenesta skal-i samarbeid med heim, skule og det øvrige hjelpeapparatet i samfunnet-arbeide for å identifisere og løyse dei helsemessige problema som knytter seg til skuleeleven sin situasjon."

Dei som arbeider aktivt i skulehelsetenesta er helsesøster, fysioterapeut, lege og psykisk helsearbeider for barn og unge. Vi arbeider både med enkeltelevar, grupper av elevar og i høve til miljøet kring elevane.

Vi samarbeider med andre faggrupper (t.d. PPT, BUP, barnevern og fastlege), men alltid i samarbeid med føresette.

Føresette som har barn som mottek hjelp frå fleire instansar og som ynskjer hjelp til å koordinere desse tenestene, kan søkja om å få IP=individuell plan og koordinator.

Lærer kan/bør ta kontakt med helsesøster/ psyk. helsearbeider for barn og unge, i samarbeid m/føresette, dersom han/ho er bekymra for ein elev.

PROGRAM FOR SKULEHELSETENESTA

5 år : Skulestartundersøking (helsesøster og lege)

6 år : Helsesøster og fysioterapeut deltek på innskriving på skulen. Informerer om skulehelsetenesta.

2.kl. Individuell konsultasjon hjå helsesøster. Vaksinaasjon. Helseopplysing i gruppe, "Kortmetode"- diverse temaer.

3.kl. Vekt -og lengdemåling og skriftleg informasjonsbrev til føresette.

4.kl. Helseopplysing i gruppe, "Sjukdom og vaksine".

6.kl. Helseopplysing i gruppe, Pubertetsundervisning. MMR vaksine.

7.kl. HPV vaksine (x3) til jenter.

8.kl. Vekt -og lengdemåling og skriftleg informasjonsbrev til føresette. Samtale, «Helsesirkel», med kvar elev.

9.kl. Seksualundervisning.

10. kl. Vaksine. «Boostrix-polio». (Difteri, stivkrampe, kikhoste og poliomyelitt.)